

## Rekord-dugnad i båthamna

04.05.2010



Det var rekord-frammøte under dugnaden i båthamna

I kveld er den tradisjonelle vår-dugnaden avvikla i båthamna og den lovar det beste framfor båtsesongen.  
Det møtte fram 17 karer og ei jente og båtlag-veteranar slår utan å tvila fast at dette er rekord-frammøte.



Nokon arbeidde under høgtrykk

Det er ingen tvil om at viljen til å gjera ein jobb for laget og hamna er stor. Det ber bod om ei høg plassering i tevlinga mellom hamnane i landet også dette året.



Nokon rydda bort knekt furu.

Eit døme på engasjementet er reaksjonen frå ein som jobbar i Nordsjøen og som difor ikke kunne møta fram. Etter å ha lese det nettsida skreiv i går om dugnaden meldte han forfall til leiinga, men gjorde det klart at han gjerne stilte opp for måling av lagshuset ved eit seinere høve.



Nokon vaska huset.



**Nokon raka lauv.**

Her er stikkordmessig det som vart gjort under dugnaden:

\*Vasking av huset for seinare måling.

\*Høgtrykk-spyling av moloen.

\*Bortrydding av furu som vart brote ned av snøen.

\*Raking av området.

\*Montering av pullertar.

\*Skifting av rote bord og benkar med virke frå Varaldsøy.

\*Tetting av vatnlekkasje.

Og som eit effektfullt, men ubestilt apropos midt under dugnadsinnsatsen passerte ei staseleg og stor yacht inn gjennom Storsundet!

Kanskje kjem det slike og legg til i Uskedalen denne sommaren?

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)



Som eit apropos til dugnaden passerte denne staselege båten innover gjennom Storsundet.